

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 6/2004

Møtedato: 5.2.04

Arkiv nr:

STØLSVEGEN FOSSHEIMSTØL-LISET - MASSETAK

I sak 43/03 tilrådte fjellstyret at stølsvegen fekk utvide grusgruva ved Feøddin. I skriv datert 14.9.03 opplyser Vestre Slidre kommune v/plan- og næringskonsulent Svanheld at arealet er teke inn i kommuneplan og utvidinga er i orden. Det er ein liten rygg ned mot vatnet og ein opp mot vegen. Kommunen tilrår at det blir gjort ei etappevis utviding og at den eine lokaliteten må avsluttast før den andre blir teke i bruk.

Statskog vil opprette festeavtale med stølsvegen og ber i denne samanheng fjellstyret om uttale til kvar masseuttaket skal starte opp.

Ved samtale med formann i stølsvegen, Per Olav Svenskerud, blir det opplyst at lokaliteten ned mot vatnet ikkje er aktuelt å bruke.

VEDTAK:

Fjellstyret tilrår at stølsvegen får oppretta festekontrakt på lokaliteten som ligg mellom gamal gruve og vegen.

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 6.2.04.

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Statskog
Stølsvegen Fossheimstøl-Liset
Vestre Slidre kommune v/plan- og næringskonsulent Svanheld